



Arkivnr: 2015/12605-6

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Orientering frå Deloitte i høve mogleg interessekonflikt

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 44/16 Eventuelt i møte 5.4.16:

«Deloitte orienterte om muleg interessekonflikt i høve busselskap som fylkeskommunen har avtale med. Deloitte innkallar til eit møte for drøfting av dette temaet der fylkesrådmannen, Skyss, sekretariatet og Deloitte deltar. Deloitte lagar eit notat på bakgrunn av det som kjem fram i møtet. Notatet vert å leggje fram til neste møte i kontrollutvalet.»

På bakgrunn av vedtaket over vart det halde eit møte 20.4.16 der fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Holm Svendsen, direktør i Skyss, Oddmund Sylta, partner i Deloitte, Helge-Roald Johnsen, Kontrollsjef, Hogne Haktorson og seniorrådgjevar, Roald Breistein, frå sekretariat for kontrollutvalet deltok.

På bakgrunn av vedtaket over, og det som kom fram i møtet 20.4.16, laga Deloitte eit memo (sjå vedlegg) der dei gjorde greie for saka.

Memoet vart lagt fram i møte i kontrollutvalet 2.5.16 og dette vart protokollert:

«Partner i Deloitte, Helge-Roald Johnsen, orienterte om mogleg interessekonflikt i høve busselskap og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at partner Helge-Roald Johnsen går ut som revisor i, enten Hordaland fylkeskommune, eller i det aktuelle busselskapet. Saka vert å kome tilbake til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert å kome tilbake til i neste møte.»

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over vil Deloitte kome med ny orientering om status i høve mogleg interessekonflikt.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i memoet, samt i Deloitte si orientering i møtet, bør kontrollutvalet drøfte seg fram til ein konklusjon. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.